

# Campus Hallingdal er ein historisk mogelegheit for Hallingdal og Buskerud!

*Fremma av Magnus Weggesrud og Pål Terje Rørby*

Vinteren 2022 starta Gol kommune eit arbeid for å undersøkje mogelegheitene for å kunne utvikle eit Campus Hallingdal. Kommunen hadde møter med både Kunnskapsdepartementet (KDD), Universitetet i Sør-Aust-Noreg (USN) og Høgskulen på Vestlandet, kor USN gav signal om at dei ønskte å gi vidare for å sjå på moglegheitene i Hallingdal. Hallingdal står samla bak prosjektet. Det har òg vore anerkjennande signal frå politisk leiing i KDD.

Målsetjinga er å utvikle og etablere ein campus i Fjell-Noreg som kan verte attraktivt både i eit regionalt, nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Ein avgjerande føresetnad er finansiering av etableringa av eit nytt campus, og at det blir oppretta ei nasjonal ordning for finansiering av fleircampusuniversitet som Universitetet i Sør-Aust-Noreg (USN) er. (\*ref. Hurdalsplattforma).

I Hurdalsplattforma har regjeringa lansert store ambisjonar for å styrke det desentraliserte utdanningstilbodet. Desentralisert høgare utdanning er attraktivt og viktig for å møte det lokale og regionale kompetansebehovet. Regjeringa understrekar i Hurdalsplattforma at ho vil stille meir tydelege nasjonale krav til universitet og høgskular om geografisk nærvær for å møte det regionale kunnskaps- og kompetansebehovet.

Regjeringa arbeider no med ei stortingsmelding om distriktspolitikk. Ein viktig del av grunnlaget er NOU 2020: 12 «Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn» og NOU 2020: 15 «Det handler om Norge — Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene».

I begge utgreiingane blir behovet for tilrettelegging for høgare utdanning i distrikta drøfta. Det blir vist til at i dag er utdanning og utdanningssystemet ei viktig drivkraft for sentralisering.

Samtidig peiker dei på mogelegheitene som eksisterer i det at folk som studerer lokalt, ofte blir verande og blir viktige i den lokale arbeidsmarknaden. Dei viser også til at for mange betyr geografisk nærleik mykje i val av studiestad. Det gjeld særleg eldre og meir etablerte, som ynsker å starte eit utdanningsløp eller byggje på tidlegare utdanning.

34 «Det bør innføres insentiver for at universiteter, høyskoler og fagskoler skal etablere  
35 flercampusmodeller for å møte arbeids- og næringslivets behov over hele landet, samtidig som det  
36 skapes relevante kunnskapsmiljøer i krysningspunktet mellom utdanning, forskning og næringsliv».  
37 (NOU 2020:12)

38

39 Relevant er òg NOU 2023: 4 Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og  
40 omsorgstjenester (2.2.2023), der det mellom anna blir sagt:

41

42 *"Utdanning av helsepersonell må likevel skje med en kapasitet som bidrar til å dekke*  
43 *kompetansebehovene til helse- og omsorgstjenester. Norge må være tilstrekkelig selvforsynt med*  
44 *helsepersonell. Vekst i studieplasser bør legges til distrikt fremfor sentrale strøk. Utdanningssektoren*  
45 *bør utvikle ordninger for å kvalifisere dem som mangler mindre deler av sine formelle utdanningsløp,*  
46 *og legge enda bedre til rette for etter- og videreutdanning."*

47

48 Hallingdal er i same situasjon som mange distriktsregionar. Unge blir tvinga ut for å ta utdanning. Det  
49 blir fleire eldre, og færre til å ta jobbane for å halde oppe helse- og velferdstenester. Det blir òg  
50 vanskelegare for lønnsame næringar og bedrifter å rekruttere tilsette. Eitt campus i Hallingdal vil  
51 både gje naudsynte nye tilbod, men òg skape arbeidsplassar og auka attraktiviteten, ikkje minst for  
52 den yngre delen av befolkninga.

53

54 Difor støttar Buskerud Senterparti planane om Campus Hallingdal fullt ut og oppmodar regjeringa om  
55 å gjere dei nødvendige grepa for å sikre det finansielle grunnlaget gjennom Statsbudsjettet for 2024.